



Det sittande soknerådet i arbeid med vask av gjerdet rundt kyrkja og kyrkjegarden. Avgåande leiar Audun Eik til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kyrkjevalet i haust skjer samstundes med stortingsvalet 14. september og også i Uskedalen stiller fleire nye kandidatar.

Leiaren dei siste tre åra, Audun Eik, har tidlegare varsla at han ikkje tek attval.

Valet skal som stortingsvalet gå føre seg i Aktivitetshuset/skulen, men i eit anna lokale.

Dei som no sit i soknerådet - med varamedlemmer - er Audun Eik, Tormod Olav Myklebust, Inger Anne Leite, Konstane Otilia Tveit, Marit Langballe, Britt Jorunn Arnesen, Reidar Myklebust, Lars Haugland og Edvin Kjærland.

I tillegg kjem sokneprest Sven Harald Nilsen.

Av desse stiller ikkje Audun Eik, Tormod Myklebust, Konstane Otilia Tveit, Edvin Kjærland, Lars Haugland, Marit Langballe og Britt Jorunn Arnesen opp att. Tormod Olav Myklebust, Inger Anne Leite og Reidar Myklebust tek attval.

Dette er kandidatane som nominasjonskomiteen har fremma:

Møyfrid Petra Einang Kristoffersen, Tormod Olav Myklebust, Kjell Yri, Mette Berit Lauvsnes, Jan Henrik Hansen, Inger Anne Leite, Gunvor Martha Myklebust, Gunnbjörg Stensletten Eik, Reidar Myklebust, Ingunn Olsen og Torhild Oddny Einang Vivelid.

Alle medlemmer av Den norske kyrkja som er over eller som fyller 15 år i år kan røysta. Før var grensa 18 år. Målet er minst 40 prosent representasjon av kvart kjønn og minst 20 prosent representasjon av ungdom under 30 år.

Av Ola Matti Mathisen